

## REFERAT FRÅ ÅRSMØTE FOR ÅL NORMISJON – 6.3.2023

Kaffi og kanelsnurrer (takk til Kari!).

Kveldstankar frå Sigrun Thorsen: Utgangspunkt i visjonen; vinne, vekse og virke.  
Rom 12 3-5 | Gal 6 9-10 | 2.Tim 3.16

1. Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjent
2. Møteleiar: Berit Kilde  
Referat: Torfinn Slåtto  
Signere: Magne Ilstad og Øystein Kilde
3. Magne Ilstad las §2 og Bente Sletten §3 og §5 i vedtektene for Ål Normisjon. Det er behov for nokre vedtektsendringar særleg i §5. Styret blir oppmoda om å arbeide med dette fram mot neste årsmøte.
4. Berit Kilde gjekk gjennom årsmeldinga for Ål Normisjon som vart lagt fram for årsmøtet. Årsmøtet stilte seg bak årsmeldinga utan endringar.

Narve Thorset las Årsrapport for Evjens Minne frå husstyret. Årsmøtet godkjente også dette utan endringar, men det vart litt ordskifte omkring straumutgifter og -støtte.

Narve gjekk også gjennom rekneskapan for Evjens Minne og Ål Normisjon. Totale inntekter for 2022 var ca 275.000,- og utgifter ca 228.000,-. Det vart eit overskot for 2022 på 46.617,-. Husstyret vart oppmoda om å vurdere leigeprisen for leilegheitene med tanke på auka straumpris. Evt at leilegheitene betaler for faktisk bruk. Husstyret bør også vurdere å avvikle diverse legat som gir små renteinntekter og i praksis berre bind opp kapital.

Rekneskapan for Ål Normisjon viste eit overskot på kr 14.230,-.

Årsmøtet godkjente rekneskapa for både Evjens Minne og Ål Normisjon.

Årsmeldingane frå Galleri Normisjon, Ål STI- og misjonsgruppe vart lese opp. Det vart også informert om årsmeldingane for Vårvon, Torpo Normisjon og Nystølkyrkja.

5. Styrene vart samrøystes valt slik:

Ål Normisjon: Berit Kilde - leiar (til 2024)  
Sigrun Thorsen (til 2024)  
Magne Ilstad (til 2024)  
Narve Thorset (til 2024)  
Kari D Brye (til 2024)

1.vara: Toril S Sønsteby  
2.vara: Ingeborg R Dahle

Husstyret: Narve Thorset - leiar (til 2024)  
Torfinn Slåtto (til 2024)  
Rita Johannessen (til 2024)  
Magne Sønsteby (til 2024)  
Terje Opsata (til 2024)

Vara: Håkon Laa

Representant for Misjonsrådet: Gunvor Kreken  
Representant for områdeutvalet: Berit Kilde  
Revisor: Kjell Storhaug

6. Ål Normisjon har ei gjevarteneste, men det er få faste gjevarar. Styret oppmoda til å melde seg som gjevar og dermed også kunne få skattefrådrag. Ideelt sett burde gjevarinntektene dekkje faste utgifter for Ål Normisjon.
7. Eventuelt: Informasjon om «Go For It».

Det blir planlagt ein fest for Astrid Ruud som flyttar heim frå Kina. Dette ser ut til å bli den 14.mai.

---

Torfinn Slåtto

---

Øystein Kilde

---

Magne Ilstad